



Aleksander Brocks Bredesen
Fosse 51 A
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2928 - 18/2564

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
09.02.2018

Godkjenning - GBNR 25/175 - Endring av løyve til oppføring av garasje

Administrativt vedtak. Saknr: 34/2018

Tiltakshavar:

Søknadstype: Søknad om ending av løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3/20-4

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Tiltakshavar har søkt om endring av løyve til oppføring av garasje på gbnr 25/175. Endringane gjeld fasade og mønehøgde. Plassering og BYA/BRA blir uendra. Aleksander Bredesen blir registrert på sak som ny tiltakshavar for garasjen.

For nærare opplysningar om tiltaket elles blir det vist til løyvet gitt i sak 15/2928, DS-12/2016. Dette vedtaket gjeld for tiltaket om ikkje anna går fram av vedtaket nedanfor.

VURDERING:

Nabovarsling og privatrettslege tilhøve:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje trong for ny nabovarsling då endringane ikkje får verknader for naboane.

Lov- og plangrunnlag:

Omsøkt garasje, og føreliggjande endringar, er i samsvar med dispensasjon gitt av Utval for drift og utvikling 11.12.2012, UDU-sak 125/12.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Planløsning, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 02.02.2018. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 – 29-3.

Tiltaket skal plasserast i samsvar med tidlegare godkjenning, jf ovanfor.

Ansvarsrettar:

Det er ikkje krav til ansvarsrettar for garasjen.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 løyve til endring av tiltak godkjent i vedtak dagsett 11.01.2016 (DS-12/2015) for oppføring garasje på gbnr 25/175, jf søknad motteke 02.02.2018. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Tiltaket skal utformast som vist på vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 02.02.2018 og plasserast i samsvar med tidlegare godkjenning. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjort unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gitt, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisiell registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut frå.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg 1 - Garasje tegning

Mottakarar:

Aleksander Brocks Bredesen

Fosse 51 A

5918

FREKHAUG